

# BRYNE

MAGASINET



## Møt Magnus Retsius Grødem

Nest-best i  
Rogaland

Made in  
Lyon



MARKAVEGEN 2 og 8 EIVINDSHOLEN

### Markedets beste boligkjøp!

Historisk gunstig Husbank-rente!  
Solvendt og landlig, gangavstand til Bryne.  
Leveres nøkkelferdig, med høy standard.

REKKEHUS

Priser fra kr: **4.198.000,-** 139/149 m<sup>2</sup> BRA  
FINN-kode: 47843930 135/142 m<sup>2</sup> P-ROM



Illustrasjon

KONTAKT Kåre Vigdel, mobil 916 00 086, kare.vigdel@blockwatne.no

All våre boliger leveres nøkkelferdige, med høy standard. Opparbeidet tomt og hvitevarer – ingen egeninnsats. Trygt og oversiktlig.

**BLOCK WATNE**  
Et selskap i OBOS-konsernet



e i k h i

nyhet

POLO RALPH LAUREN

RICCOVERO

FRISLID TREND

MOODS OF NORWAY

TIGER OF SWEDEN

DIGEL

SAND

GANT

MATINIQUE

DIESEL

GABBA

LEVIS

G-STAR

SUPERDRY

ANERKJENDT

JONNY LOVE

UBER

NN07

BØLGER

U  
BER

**HERRE-/UNGDOMSKLÆR**

**SMOKINGUTLEIE • SKO • EGEN SYSTUE**

Eikhigården, Bryne, tlf. 51 48 15 55 - ÅPENT: 10 - 18 (15)

KUN FRAM TIL JUL

# VENNER

KAN

# KJØPES FOR PENGER

Spare 100 000 kroner?

Les om vennerabatten vår på Facebook.



JADARHUS®

*Det lille ekstra*

# «Æg au vil ha Heia-Bryne-sko»

Jeg har tidligere brukt historier fra mine kjære småtasser som utgangspunkt for betrakninger i denne lederspalten. Og da må jeg selvfølgelig også ta med en historie fra minstemann Nico på 2 ½ år. Tidligere i år reiste foreldrene til Barcelona – gjett hvem som var barnevakt ...? At de så kom hjem med Barcelonadrakter til alle de tre små er vel sånt en må regne med. Det skal innrømmes at de var ganske sjærerende når de fikk draktene på seg. Når så søstrene tok på seg fotballskoene i tillegg, noe som Nico ikke har, kom det ganske kjapt fra han: «Eg au vil ha Heia-Bryne-sko!» Da følte morfaren at han hadde lykkes ganske bra med oppdragelsen. Når fotball er synonymt med «Heia Bryne», da har poden forstått det!



Det er dessverre ikke alltid jeg føler vi lykkes like godt med merkevarebyggingen rundt Bryne FK. Heldigvis er det mye engasjement rundt klubben, og mange som mener mye – ofte også veldig skråsikkert:) I perioder med tap og motgang blir det fort det negative, og det som har gått galt tidligere som blir trukket fram. Det er kanskje ikke unaturlig, men det er heller ikke tvil om at det påvirker vårt omdømme utad. Derfor kan det noen ganger være på sin plass å minne om de mange forhold i Bryne FK som vi kan være stolte av, og som noen ganger glemmes litt for lett – mange er heller ikke klar over mye av dette. Visste du at:

## Toppklubb i 40 år

Enda en sesong uten å være innblandet i toppstriden i Obos-ligaen, sier du? Det er bra at folk er utålmodige og har forventninger, men det er ikke hugget i stein at Bryne skal være en toppklubb. Å ta steget opp til å bli blant Topp 20 i Norge er særdeles krevende. Utgangspunktet er at vi har et lønnsbudsjett til spillere på drøyt 6 millioner, og et tilskuersnitt på drøyt tusen. Det er mange av de vi konkurrerer mot som har en ganske annen hverdag. Da må det meste klaffe for at vi skal lykkes. Samtidig ser vi eksempler på andre som lykkes med tilsvarende utgangspunkt som oss. Derfor vet vi at det er mulig, men kanskje så kreves det mer tålmodighet enn det mange har? Vi forsøker stadig å lære av de som lykkes. Norsk Toppfotball har nå kommet med verktøy der vi kan drive benchmarking mot de klublene vi kan og

vil sammenligne oss med. Det skal vi bruke til å utvikle strategien videre og finne ut konkret hvor vi står sterkt og hvor vi må forbedre oss. Bryne FK har en sterk kultur med mange ressurspersoner som har stått på i år etter år. Det er dette som har gjort at vi er en av bare seks klubber i hele landet som har overlevd i de to øverste divisjonene sammenhengende de 40 siste årene.

## 7 landslagsspillere siste året

Et av områdene klubben leverer på til de grader er å utvikle aldersbestemte landslagsspillere. Det siste kalenderåret har vi hatt i alt 7 landslags-spillere! Sett i forhold til størrelsen på vårt nedslagsfelt, og tilgang på ressurser i forhold til de andre klublene vi konkurrerer med, så skulle ikke dette vært mulig i det hele tatt. Men vi har noen særdeles dedikerte og dyktige trenere som gjør en kjempejobb rundt dette. At Alf Ingve Berntsen, Arne Tjåland og Espen Undheim nå er invitert av NFF til Cupfinaleseminaret for å fortelle sine kollegaer i andre klubber hvordan de jobber, viser at dette blir lagt merke til i Fotball-Norge. Her kan en nesten igjen ta fram begrepet «Mønsterbruket på Jæren».

## 25% av alle lag på Jæren

Målet for breddesatsingen i sportsplanen vår er flest mulig – lengst mulig – best mulig. En like viktig grunn til at vår «troika» skal foredra på Cupfinaleseminaret er å fortelle om hvordan de lykkes med å dra med de aller fleste helt opp til juniornivå. Når vi de siste par årene har stilt

**Redaksjonsansvarlig:** Even Sel | e-post: even@brynefk.no  
**Layout og produksjon:** Jærprint  
**Forsidefoto:** Sven Olav Sele  
**Annonsør:** Bryne Fotballklubb  
**Utgiver:** Bryne Fotballklubb | Tralfaveien 3 | 4344 Bryne | www.brynefk.no

# Innhold

4	Lederen
6-9	Nest-best i Rogaland
10-12	Fotballåret 1962
13	Lagbilder
14	Høidahl vil bli førstekeeper
16-17	Dømmedag for Hadland og Ystanes
18-19	Tilbakeblikk
22-23	Pavlovic og Olofsson
24	Nettverkstur til London
26	Landskampspillere i år
28-30	Made in Lyon
32-33	Flere og flere jenter på PFO
31	No limitation
34-35	Magnus Retsius Grødem
36	Quiz om Bryne FK
37	Premier League i peisestova!

med 3-4 juniorlag, så tilsvarer det at byene litt lenger nord for oss skulle ha 20 – 40 juniorlag – det får de aldri! Jærbladet hadde i sommer en føljetong med foto av alle aldersbestemte lag i de fleste klubbene på Jæren. Av 178 lag fra hele Jæren kom 50 lag fra Bryne FK.

## En av de største dugnadsklubbene

Som styreleder er jeg stolt av å se på den innsatsen som legges ned av de mange frivillige som stiller opp hver gang vi har kamp. I tillegg blir jeg i godt humør av se hvor blide og positive de er. Ikke nok med det, tenk på at f. eks.

«damene på vippet» har i tillegg i mer enn 25 år arrangert Bryne-basaren som gir oss mer enn 200 000 rett i kassen – dette er noe de bare ordner uten videre! Det er alltid farlig å nevne noen spesielt slike ganger, for det er mange som gjør en formidabel innsats. Jeg tror likevel ingen blir fornærmet om jeg trekker

fram Kurth Gausland og Sverre Sele. Begge har holdt det gående i henholdsvis 13 år som oppmann og 23 år materialforvalter, der de stiller på bortimot hver bidige trening og kamp til a-laget uten en krone i lønn! Ellers har vi en liste på mer enn 100 personer som utgjør frivillige trenere, oppmenn og lagledere til alle lagene, og som er i aksjon flere ganger i uken. Tar du i tillegg med at vi i vår utførte en av de største dugnadene i distriktet under russetreffet i Kongeparken, så kan vi godt hevde at vi er en av de største dugnadsklubbene på Jæren.

## 40 millioner er investert

Vi legger ikke skjul på at vi har en utfordrende økonomi, men vi får det likevel til å gå rundt med en omsetning på 25 millioner uten av vi må gå med regningen til andre. Lån og kasse-kredit utgjør 8 millioner, noe de fleste bedrifts-eiere med en slik omsetning ville levd greit

med. De fleste glemmer også fort at vi i løpet av de drøyt 10 siste årene har investert mer enn 40 millioner i stadionanlegget med Jærhallen, flomlys, Aarbakkebanen, digital reklame og andre utbedringer. Dette beløpet vil mer enn doble seg når vi kommer i gang med den videre stadionutbyggingen.

Dette var altså et forsøk på en aldri så liten skryteliste. Når dette er sagt så er vi også klar over at det er forbedringspotensial på mange områder. Det skal vi jobbe steinhardt for å forbedre, men noe av inspirasjonen til det kan vi finne i det vi tross alt har fått til.

Et liv – en klubb!

Nils Steinsland  
styreleder



Jubel i Bryne garderoben etter at opprykk til 2. divisjon er sikra.

Framme frå venstre Leif Heskje, trenar John Larsen, Torbjørn Reime, styreforman Øyvind Braaten, Tor Gunnar Solberg (med flaske), Magnus Grødem, Gaute Skrudland, Kåre Thu. Bak frå venstre: Kjell Lura, Johannes Vold, Per Undheim, Aabjørn Aasland.  
(Faksimile Stavanger Aftenblad)

# Nest-best i Rogaland

*Saman med Reidar B. Thu har eg tatt på meg oppgåva å skriva Bryne FKs historie. Planen er at boka skal vera ferdig til 90-årsjubileet i april neste år. Alt nå ser eg at det skal halda hardt.*

*Reidar skriv om tida fram til 1954, eg skriv om dei siste 60 åra. Det er naturleg å dela boka inn i perioda men ei oppsummereing av perioden etter å ha gått gjennom kvar sesong. Her er ein forsmak av boka med perioden 1954-1964, samt året 1962 då Bryne for første gong kom lenger enn 3. runde i cupen.*

I løpet av 10-årsperioden 1954-1964 etablerte Bryne seg i toppen av Rogalandsfotballen. Tre gonger, 1954, 1955 og 1959, vann Bryne si avdeling i Landsdelserien med påfølgande kvalifiseringskamper til Hovedserien, den tids eliteserie. Tre gonger mislukkast laget. I 1955 leia Bryne 2-1 i den avgjerdende kampen mot Varegg til det stod att 15 minutt, men to billege bakkengsmål skrinla draumen om spel på det høgaste nivået.

I 1961 vart det vedteke ny serieordning med ei pulje i 1. divisjon med 10 lag (nivå 1), og to landsdekkjande puljer i 2. divisjon med 8 lag i kvar pulje. Fram til då hadde serien starta i mai/juni. Nytt serie-system innebar at serien skulle starta om våren og avsluttast om hausten, slik ordninga er i dag.

Haustsesongen 1961 og heile 1962 var kvalifisering til den nye serien der bare vinnaren av landsdelserien i Rogaland var sikra minst 2. divisjon. Bryne enda på 4. plass, og måtte derfor spela på det nye nivå 3 (3. Divisjon), som i realiteten var det same som Landsdelserien, frå 1963.

Året etter, i 1964, vann Bryne si pulje. To kvalifiseringskamper måtte til for å sikra opprykk til 2. divisjon. Etter å ha slått både Os og Domn var opprykket sikra, og Bryne var igjen på nivå 2, men nå med eit heilt anna sportsleg nivå enn den tidlegare Landsdelserien.

Bryne hadde vore det mest stabile laget i Landsdelserien i Rogaland sidan laget debuterte der i 1949. Etter opprykket i 1964 var posisjonen som fylkets nest-bestе lag udiskutabelt ettersom Haugar samtidig rykka ned frå 2. divisjon.

## Cup

I denne 10-årsperioden spelte Bryne seg til 3. runde fire gonger. Første gongen var i 1954, og det var stor stas då Lyn vart sett opp som motstandar på Bryne stadion og Bryne først gong skulle måla krefter mot eit storlag frå Oslo. På ein gjennomvåt bane til dels med overatn enda det med 4-2 til Lyn. I 1958 var bergenlaget Årstad, som nettopp hadde rykka opp i hovedserien, motstandar i 3. runde. Bryne dominerte spelemessig i Bergen, men det var Årstad som scora, og på 0-2 gjekk lufta ut av Bryne som til slutt tapte 2-5.

Året etter var det nære på avansement til 4. runde. Bryne var ikkje levna rare sjansane mot hovedserielaget Odd, men gjorde alle tips til skamme ved til tider å rundspela skienlaget. Bryne leia både 1-0 og 3-2, men Odd utlikna til 3-3, og i omkampen i Skien var Bryne sjanselause og tapte heile 0-5.

I 1962 lukkast det endeleg å avansera til 4. runde, og at det var Viking som måtte ungjelda, gjorde ikkje glede mindre. Etter 2-2 på Stavanger stadion, vart det 2-1 «rette vegen» på bane 2 på Bryne. I 4. Runde vart det stopp, men først etter at Vålerengen hadde gått opp til 3-2 i ekstraomgangane på eit diskutabel straffespark.

Cupinnsatsen dette året medførte at fotballaget

Bryne vart lagt merke til også utanfor Rogaland. Men det skulle gå 10 nye år før Bryne kom til kvartfinale.

## Representasjon

Bryne var godt representert på kretslaga til Rogaland i denne perioden. Olav Sigbjørnsen hadde truleg vorte klubbens første spelar med flagget på brystet om ikkje skader hadde øydelagt karrieren. Saman med fire lagkameratar, brødrene Kåre «Kabben» Thu og Martin «Mallon» Thu, Odd «Buster Sirevaag, og Karl Vaaland, vart han i 1954 kalla inn til ei samling der landslagstrenar Janibald Kahn skulle finsikta aktuelle landslagsspelarar. Den første som var i landslagsdiskusjon var imidlertid Kjell Lura som var reserve på juniorlandslaget på 1940-talet.

I 1958 fekk Bryne sin første landslagsspelar då Tor Jan Skretting vart tatt ut til juniorlandslaget og scora i debuten mot Danmark. Året etter vart Aasbjørn Aasland klubbens andre juniorlandslagsspelar. Johannes Vold, som kom til Bryne i 1961 frå Vigrestad, spelte fleire kamper på juniorlandslaget både i 1961 og 1962. Etter cupkampen mot Vålerenga i 1962, fekk landslags-UK også augo opp for Per Undheim som vart Brynes første ungdomslandslagsspelar.

I denne perioden spelte også Bryne sin første kamp mot eit utanlandsk klubblag då danske Aalborg BK gjesta Bryne i 1962. Det enda med dansk siger 5-1.

## Organisering

Det er mange prestasjoner i Bryne-historien som har blitt karakterisert som eventyr. Eigentleg er det Bryne presenterte i denne 10-årsperioden også eit aldri så lite eventyr.

Laget bestod stort sett bare av lokale gutar som ikkje tok fotballen så veldig alvorleg. Ikke alle sesongar hadde laget eigen trenar, og dei åra trenar vart henta utanfor klubben, starta ikkje han før i april-mai. Vinter treningsa vart bare for dei mest interesserte heilt fram til 1960-61 då det vart innført treningsspel, og treningsinnsatsen vart eit av kriteria for å koma på A-laget. Det var trening to-til-gonger i veka, og bare unntaksvis var alle aktuelle A-lagsspelarar på trening samtidig.

Det var ikkje lett å halda på alle spelarane to sesongar på rad. Militærtjeneste var obligatorisk, og passering lokalt fordi ein var fotballspelar på Bryne, var ikkje aktielt. Det var heller ikkje sjølv sagt å få permisjon frå militæret for å spela kamper.

Høgskular og studieplassar var det heller ikkje i distriktet, så lovande spelarar avslutta karrieren på grunn av skulegang.

Kor uviktig fotballen var viser også det faktum at spelarar som var aktuelle for aldersbestemte landslags tok eit kvileår for å koncentrera seg om artium. Husbygging var heller ikkje forenlig med fotballspel.

I denne perioden vart det ikkje tatt ut ei eiga gruppe av A-lagsspelarar. Dei som ville trenna fotball med A-lagsspelarane, fekk lov til det uansett fotball-kvalitetene.

Laget vart tatt ut av ein vald Uttakingskomité på tre personar pluss varamenn. Dette var eit populært verv, og det blir hevd at ein UK-medlem drog til sjøs då han ikkje vart attvaled på årsmøtet. Trenaren hadde lite og ingenting han skulle ha sagt om lagguttaket. Først i 1963 vart det gjort vedtak om at UK skulle reduserast frå tre til to, og at trenaren skulle gå inn som den tredje personen i UK.

Lagguttaket både til A-lag og dei andre laga, vart slått opp i ei glasstavle på veggen til O.R. Thu (der Den hvite hest held til nå) på torget på Bryne to-tre dagar før kamp. Det var ikkje få som tok ein dagleg tur bortom denne tavla for å sjå på lagguttaka til A-lag og dei andre laga.

Dei som ikkje kom på A-laget måtte nøya seg med B-laget som hadde varierande sportsleg tilbod. Elles var det dei fleste sesongane i denne perioden også juniorlag (16-18 år), guttelag (14-16) og småguttelag (12-14) som alle spelte i lokale seriar. På slutten av perioden kom det også lilleputtlag (10-12). Alle laga spelte 11-mannsfotball på store banar, og det var nok fleire gonger at enkelte spelarar på lilleputtlaget omtrent ikkje var nær ballen i løpet av ein kamp.

## Klubborganisering

Styret på fem personar bestod i første del av denne perioden i stor grad av aktive spelarar på A- og B-lag. Styret bestod av formann, oppmann, sekretær, kasserar og materialforvaltar. I tillegg var det to varamenn. Alle verv, til og med vaktstyrken, vart vald på årsmøtet. Bryne IL var i denne perioden utelukkande for hankjønn både når det gjaldt aktive og i alle verv.

Sjølv om Bryne Idrettslag, som det heitte fram til 1991, vart starta som eit fotballag, vart det etter kvart også kome til ei svært aktiv friidrettsgruppe. Fotballavdelinga var derfor sidestilt med denne gruppa, og med eit Hovedstyre som hadde ansvar for anlegget.

## Anlegg

Anlegget bestod av ein hovudbane med løpebane heilt til ny treningsbane, bane 2, stod ferdig i 1962. I tillegg var det eit garderobebygg med to garderobar og eit lite skur til redskap og materiell. Styremøter og andre møter måtte haldast privat eller i andre lokal.

Innandørstrening om vinteren måtte leggjast til gymnastikkalen på Bryne skule, og sidan den var sprengt, var det smått med treningsstider. Utandørstrening når banen ikkje var klar, var det heller ikkje lett å finna plass til. Då danseplanen etter kvart fekk tak og lys, vart vinter treningsa langt lettare å gjennomføra. Treninga vart også langt



Kamp på Bryne Stadion på slutten av 50-talet. Kåre Thu og Tor Jan Skretting i angrep.



Skader ødela karrieren for Olav Sigbjørnsen, ein av Brynes mest talentfulle spelarar gjennom tidene.

meir systematisk frå 1961 etter at Gaute Skrudland vart vald til oppmann og hadde klare tankar om korleis dette skulle gjerast.

Sjølv om trenings-og kampforhold etter dagens målestokk var heller skrale, er det verdt å merka seg at ein kommentar i Stavanger Aftenblad etter opprykket i 1964 slo fast at Bryne IL hadde det flottaste anlegget i heile fylket.

#### System

Moderne system som 4-4-2, 4-3-3 osb. var ukjent til i slutten av perioden. Laget vart tatt ut frå mål til ytre venstre og sett opp slik med 1 til 11: 1. målmann, 2. høgre back, 3. venstre back, 4. høgre half, 5. centerhalf, 6. venstre half, 7. høgre ving, 8. indre høgre, 9. centerløper, 10. indre venstre, 11. venstre ving. Talet på drakta fortalde kor på banen kvar enkelte høyre heime, og det var ein uskreven regel at ein skulle halda seg på sin plass. Det var ein liten revolusjon då Bryne som første klubb i Norge gav spelarane faste draktnummer på midten av 1960-talet. Det vakte stor oppstandelse ikkje minst i pressa som meinte det skapte forvirring. Det enda då også med at Norges Fotballforbund la ned forbod mot faste nummer, ei ordning som i dag er påbode.

Spelesystemet var eit slags 2-3-2-3 system der backane ikkje skulle over midtstrekken. Det var ikkje bare populært når Brynes eminente venstre back, Kjell Lura, braut denne regelen og spelte moderne backspel langt før slikt var akseptert. Senterløper og dei to vingane skulle bare over på eigen banehalvdel ved avspark og hadde ingenting nede i eige forsvar å gjera. Halfane var meir forsvarsspelarar enn angrepsspelarar. Noko anna system var utenkeleg til enkelte norske lag tok etter Brasil og spelte 4-4-2 på begynnelsen av 1960-talet.

Det var heller ikkje snakk om innbyttarar. Laget kunne bruka ein reserve, men han kunne bare setjast inn om ein av dei som starta vart skada, og det måtte skje før 2. omgang starta. Vart ein spelar så skada at han måtte gå av banen like etter pause, måtte laget spela med 10 mann resten av kampen.

Regelverket har også endra seg på andre område, som til dømes tilbakespel til keeper, og kor lenge keeperen kunne halda og spretta ballen.

For dagens aktive er det også vanskeleg å tenkja seg det utstyret som vart brukt i denne perioden med ballar av lær med gummibløre på innsida, og som trekte til seg vatn og vart svært tunge når banen var blaut. Fotballstøvlane toler heller ikkje samanlikning med dagens. Dei var sjølv sagt svarte og måtte setjast inn med skokrem etter trening og kamp.

Søndag 6.september 1953 spelte Bryne for første gong i dagens draktfarger, røde skjorter med kvite ermer og kvite bukser i ein seriekamp mot Djerv



Brynelaget som var nær ved å rykka opp i Hovedserien i 1955.

Første rekke fra venstre:

Lauritz B. Sirevaag, Andreas Haaland, Kjell Lura.

Andre rekke fra venstre:

Arne Petter Harelund, Kristian Hamre, Karl Vaaland.

Bakerst fra venstre:

Per Bergerud, Kåre Thu, Olav Sigbjørnsen, Martin Thu,

Odd B. Sirevaag



Bryne på slutten av 1950-talet.

Framme fra venstre:

Kåre Thu, Kjell Lura, Helge Høyland, Torbjørn Reime, Lauritz B. Sirevaag.

Bak fra venstre:

Odd H. Sirevaag, Gaute Skrudland, Tor Jan Skretting, Kristian Hamre, Martin Thu, Karl Vaaland.

1919. Draktene kom frå England og var utan tivil inspirert av Arsenal.

#### Kamparrangement

I 1954 kosta det 1 kroner for vaskne og 50 øre for barn å gå på fotballkamp på Bryne. Billettprisen steig gradvis, slik at det i 1964 kosta 3 kroner for vaksne.

Vaktstyrken vart, som tidlegare nemnt valt på årsmøtet, og den var faktisk ikkje så mykje mindre enn i dag. Det var likevel langt færre sikkerhetsreglar. To minner frå barndommens fotballkamper står spikra.

Den eine var då ein person som var «godt fodle» lokka oss ungar med ei krone for så å sparka etter dei som nærma seg. Ein av vaktene slo såg seg lei av dette og bad manen roa seg. Den rusa mannen gjekk opp i boksestilling og sa: «Eg skal slå deg ned på 13 slag». Vakta svara kontant: «Eg skal slå deg ned på eitt». Og slo. Den rusa personen gjekk rett i bakken og blødde kraftig. Røde kors var ikkje til stades på kampane den gongen, og ein drosje vart rekvrirert for å kjøra mannen til dokter. Slikt gjorde inntrykk på ein 8-åring.

Det var heller ikkje så nøyne om ein gjekk innanfor gjerdet til banen. På ein kamp mot Jarl passerte eg saman med far like bak gjestenes mål. Støtta til stanga stod ein langt frå edru mann og gjord armevegelsar inn mot mål. På spørsmål kvifor han stod slik, svara han: «Eg skal visa Mallom kor målet står».

#### Økonomi

Rekneskapen for 1954 viser utgifter på 18.600 kroner. Den store utgiftsposten er «stevner» med vel 11.000, medan alle inntektene kjem frå stevner og tilstelninger. I 1964 var utgiftene stege til 68.000 kroner. Også nå er hoveddelen både på utgiftssida (34.000) og inntektsida (59.500) på stevner og tilstelninger. I 1964 var det reiseutgifter for vel 23.000.

Med andre ord var det inntektene frå kamparrangement og dansefestar som var det økonomiske fundamentet. Sponsorinntekter var eit ukjent fenomen i dei tider. Det måtte i så fall vera gaver til lotteri. Etter opprykket til 2. divisjon, vart det trykt program til kampane der det var annonseinntekter.

#### Amatørar


Regelverket var veldig strengt når det gjaldt å motta noko form for godtgjersler på denne tida. Spelarane var så absolutt amatørar, men etter cupsigeren over Viking i 1962, fekk spelarane eit gavkort til verdi av eit par fotballsko. Etter den strålande vårsesongen i 1964, løvvde hovedstyret gavekort til i alt 15 spelarar.

For å få opp interessen for å gå på trening, vart det i 1963 lova gavekort til dei som trente mest. Det resulterte i langt betre frammøte på treningane.

#### Dommar

Bryne har ikkje ofte utmerka seg på dommarsida, men i denne perioden hadde klubben ein av landets beste dommarar i Bjarne Løge. Han starta karrieren som dommar i 1945 og vart kretsdommar året etterpå. I 1951 tok han forbundsgraden og dømte til langt ut på 1960-talet. Han dømte mange kamper i den øvste divisjonen, og var linjemann i ein cupfinale. Sjølv meinte han ein kvartfinale mellom Skeid og Odd i 1956 var den største oppgåva. Dei vanskelegaste var oppgjera mellom SIF og Viking.

# Fotballåret 1962



**Bryne leder 2 — 0.** Johannes Voll fikk klem på det skuddet også, ingen sjanse for Sverre Andersen.

Faksimile Stavanger Aftenblad

Med Åsbjørn Aasland, Torbjørn Reime, Arvid Kydland og Arvid Pettersen tilbake frå militæret i tillegg til nykomaren Johs. Vold frå Vigrestad og come back av Kristian Hamre, var det grunn til optimisme før serien vart sparka i gang 30. april. Resultata frå treningskampane hadde variert ein del, men med sterkare troppe og det at nye treningsprinsipp hadde fått verka eitt år, burde gi grunnlag for betre sportslege resultat.

Reidar Kvammen gjekk dessutan på ny sesong som trenar, og Øyvind Braaten var tilbake som fotballformann.

Det var ikkje så lite skuffande då første seri-ekampen mot Ulf enda med 1-3 tap, og det på heimebane. Johannes Vold gav Bryne leiinga, men Tor Jan Skretting, som hadde gått frå Bryne til Ulf, utlikna. Det høyrer også med at Bryne brente straffespark og fekk to scoringar annulert. På Ulf spelte forøvrig ein annan person som seinare skulle bli sentral i Bryne, nemleg Reidar Omdal.

Det vart nytt tap mot Jarl i neste kamp, og sjølv om Randaberg vart slått 5-0, var sjansen for topplassering nærmast borte då leiarlaget Haugar slo Bryne 1-0 på Bryne. Etter det tok Bryne tre strake mot Vard (4-1), SIF (3-1) og Buøy (6-0) før sommarpausen.

Første kamp etter ferien var mot serieleiar Hau-

gar i Haugesund. Med tre mål av Johannes Vold og to av Garte Skrudland vart det ein knusande 5-1 siger, og plutselig var avstanden opp til Haugar bare 3 poeng.

Men Bryne varierte i prestasjonane, og med 1-4 mot Vard i kampen etterpå var løpet om opprykk kjort. Med tre kampar igjen var det 5 poeng opp til Haugar, og Bryne innsåg at slaget var tapt, stilte med eit redusert lag mot Ulf midt i ein hektisk cup-periode og tapte 0-6. Tor Jan Skretting scora for sikkerhets skull tre av måla, og var også delaktig i dei tre andre.

Med 6-0 over Jarl og 0-0 mot Randaberg enda Bryne til slutt på 4. plass med 25 poeng, 6 mindre enn puljevinnar Haugar. Det var bare å innretta seg på ein ny sesong mot lokale lag, nå på nivå 3.

## Første triumf over Viking

Men skuffelsen over å hamna på nivå 3 for første gong sidan 1948 kom i skuggen av klubbens beste cupinnsats gjennom tidene. Jarl vart slått 3-2 i 1. runde, før Vindbjart vart sendt sørover med 0-4 i 2. runde.

For andre gong vart så Bryne sett opp mot Viking i cupen, og kampen skulle gå på Stavanger Stadion. Viking var det beste laget, men ein sprudlende Arvid Kydland i mål kapitulerte bare to gonger. Og då Arne Norheim utlikna 5 minuttar før full tid og

ingen av laga greidde å scora i ekstraomgangane, var det klart for omkamp på Bryne.

Hovedbanen var som før nemnt stengt i 1962. På bane 2 var det ingen tribunar bortsett frå ein naturlig tribune i det søraustre hjørnet i form av ein bratt bakke. Interessen for omkampen vart stor, så her måtte det improviserast.

Bane 3 var nysådd, og for at den ikkje skulle bli eit uendeleig «sorpehol», måtte det leggjast trelemmar i feltet nærmast bane 2. Sjølv var eg av ein eller annan grunn med oppmann Gaute Skrudland og henta benker hos parkvesenet i Stavanger til omkampen. Den som tok i mot oss der, var Arthur Kvammen, bror til brynetrenar Reidar Kvammen. Eg gløymer aldri låtten han slo opp då Gaute forsiktig antyda at om nå Bryne skulle slå ut Viking, om ikkje benkene då kunne stå til 4. rundekampen? At Viking ikkje skulle vinna over Bryne over to kampar, var tydeleg totalt utenkeleg.

I tillegg til benkene vart det også kjørt til traktortilhengarar som vart plassert rundt banen som bare var avskilt frå publikum med ein ståltråd. 6000 tilskodrarar pressa seg rundt banen og vart vitne til Brynes største prestasjon på fotballbanen gjennom tidene.

## Folkefest

Optimismen før omkampen vart kraftig dempa då det var klart at Arvid Kydland, som redda Bryne i Stavanger ikkje fekk fri frå militærtil til denne kampen. Gaute Skrudland var skada og kunne heller ikkje spela.

Men Johannes Vold slo an tonen i ein 1. omgang der Viking vart utspela etter alle kunstens reglar. Med to mål med «venstrå» av same «Hanes» som han gjekk under på den tida, kunne Bryne gå til pause med 2-0. Viking kom langt sterkare i 2. omgang, men anført av ein glimrande Kristian Hamre i forsvar, greidde bare Viking å overlista reservekeeper John Ree ein gong. Derned var Bryne første gong i historien i 4. runde i NM.

Og sjå om ikkje den sindige jærbuen kunne visa spontanitet og sigersglede: «Da Bryne hadde berget seieren mot Viking onsdag, hersket det sydlanskd stemning både i og utenfor banen. Heia Bryne, ljomet så det hørtes like opp i Vardheia og enda lenger. Og da de 6000 tilskuere presset på og ville ut på en gang, føltes det som på Ullevål under en landskamp mot Sverige», fortalte Jærbadet.

«Bryne opplevde sin største fotballfest til dags dato da det unge Bryne-laget i går satte Viking ut av cupen med 2-1 seier, Bryne Stadion var i et eneste kok da hjemmelaget ledet 1-0 og jubelen var enorm da laget la på til 2-0. Det er første gang Bryne er kommet til 4. runde i cupen», var oppslaget på framsida i Stavanger Aftenblad illustrert av eit foto der Johannes Vold blir boren på gullstol.

«Jærlaget var best, og etter lagets glimrende 1. omgang kunne seieren godt vært større. I hurtige og korte pasninger ble det rutinerte Viking-forsvaret til sine tider spilt helt rundt», måtte same avis konstatera i referatet frå kampen.

Og petitens meister, Lasse (Lars Øye) såg kampen med Stavanger-auge: «For di Bryne var det folkefest, spontan begeistring hos smått og stort, med storm av bane og heia og jubel...» «Aldri skal vi glemme han som sto bak og ropte Kom igjen Bryne 3478 ganger. Han var ikke fra Bryne, ja, ikke fra Jæren engang.»

Ingen tvil om at det var Walter Pettersen som stod bak Lasse. Han var ein av dei få som var like entusiastisk uansett korleis Bryne spelte, og om ikkje 3478 gonger, så skreik han «kom igjen Bryne, ja» tallause gonger i kvar kamp anten motstandaren heitte Viking eller Buøy.

I årsmeldinga blir stemningen etter kampen skildra slik: «Da fløyten gikk for full tid, og retten til 4. runden var sikret, var jubelen slik at den vanskelig kan beskrives. Publikum stormet banen i ren ekstase og det var med nød og neppe at spillerne greidde komme seg helskinnat til garderoberen. Uten å ta munnen for full kan en vel si at det var den beste kampen Brynelaget noen gang har spilt.» Og det var all grunn til å jubla, ikkje bare for at Bryne første gong var i 4. runde, ikkje bare for å ha slått storebro i nord, Viking, for første gong i obligatorisk kamp, men også fordi Bryne endleg greidde å få ut det beste når det verkeleg gjaldt. Endå ein milepæl vart passert. Styret hadde tidlegare sagt nei til eit forslag som gav opning for premiering av spelarar. Nå bestemte styret at dei som hadde bidratt til å slå Viking skulle få eit par fotballstøvlar i premie. Dette var truleg første gong ein spelar for Bryne har mottatt nokon form for honorar etter ein kamp.

Dei 11 som stod for denne bragden var, frå mål til ytre venstre: John Ree i mål, h.b. Petter Magnor Time, v.b. Kjell Lura, h.h. Kåre «Kabbe» Thu, c.h. Kristian Hamre, v.h. Åsbjørn Aasland, y.h. Torbjørn Reime, i.h. Johannes Vold, c.f. Arne Norheim, i.v. Arvid Pettersen, y.v. Per Undheim. Alle, med unntak av Johannes Vold, var oppfostra i klubben, og alle, med unntak av Vold og Undheim, «stasjonsgongar» frå Bryne.

## I media

Fotballfeberen steig på Jæren og interessa for Bryne-fotballen i media vart ikkje mindre då det var klart at eit av landets beste og utan tvil mest fargerike lag, Vålerengen, måtte til bondelandet på Jæren i 4. runde. Med Terje «Hengern» Hellesrud og Einar Bruno Larsen i spissen, og med andre profilar som Helge «Bonden» Sørli, Jack Kramer, Toffa Johansen, Bjarne «Bamse» Hansen

og Per Knudsen, var Vålerenga bohemlaget som kunne spela ut kven som helst den eine dagen, for å tapa for langt dårlegare motstand den neste. Bryne hadde i mindre målestokk litt av det same ryktet.

Brynes nørkerne fotballformann, Øyvind Braaten, var ikkje bare glad for at Bryne skulle møta kanskje det største publikumsLAGET denne tida. Trelemmane, benkene og traktortilhengarane måtte fram igjen, og både i Stavanger Aftenblad og i Jærbadet vart Braaten sitert på at han høpte det ikkje kom fleire tilskodrar enn mot Viking!

Det måtte møte til mellom fotball- og hovedstyret kven som skulle ta kostnadene ved bygging av provisorisk tribune. Fotballgruppa betalte nemlig ein viss prosent av billettintektene i baneleie, og meinte at det då var hovedstyret sin oppgave å sørga for at alle som ville på kamp, fekk koma inn. Fotballgruppa var villig å betala halvparten av utgiftene, men konklusjonen var at det uansett vart for dyrt.

Suksessen i cupen resulterte i at Bryne-fotballen plutsleg var godt avisstoff også utanfor Jæren. Stavanger Aftenblad hadde ein stor artikkel i forkant av 4. runde-kampen: :: «I snart en halv mannsalder har man hatt en forunderlig evne til å trylle fram spillere som har gitt laget et preg av den fine fotballkultur, og som like fra det spilte seg fram i første rekke av fylkets klubbbar, har klart å beholde denne posisjonen.

Likevel har Bryne aldri riktig innfridd de store forventningene som år om annet er blitt stilt til disse teknikerne hvis spil den ene dag har frydet tilhengerne, men som ved neste anledning har gitt dem grå hår i hodet.»

Fleire av spelarane blir intervjuata, og Johs. Vold blir titulert «Jærens Kniken». Av artikkelen går det fram at Trygdekontoret i Meierigata er eit slags sportsleg senter sidan både Petter Magnor Time og Torbjørn Reime arbeider der med formann i Friidrettskretsen, Reidar B. Thu, som sjef. Også Per Undheim har sitt virke der, når han ikkje er i militæret.

Time og Reime gir masse skryt til trenar Reidar Kvammen som dei meiner har tilført mykje verdifullt. «En grundig innføring i posisjonsspilllets variasjoner som er blitt terpet og terpet under treningskveldene». Det same gir Åsbjørn Aasland uttrykk for han arbeidde på sportsforretninga til Odd «Buster» Sirevaag og uttalte seg optimistisk om sjansane til å slå Oslo-laget: : «Jeg var i militæret i fjor, og etter at jeg kom tilbake, synes jeg det er en ganske annen stil over hele laget, som er bedre enn noen gang jeg har vært med.»

Ernst Gulbrandsen i Stavanger Aftenblad, som heilt sidan 1954 hadde skrive om Brynes manglande evne til å stå løpet ut når det verkeleg gjaldt fyrtre opp før kampen: «Dette er Brynes store sjanse til å lage sitt store gjennombrudd, et gjennombrudd som man har ventet på i årevis, men som ikke er kommet fordi spillerne har manglet denne evnen å vokse med oppgavene».

# Denne gangen var det ingen tvil



Landslagskeeper Sverre Andersen måtte kapitulere to ganger i går for Bryne og Johannes Vold. Her er det 2-0 og Sverre Andersen må en tur bak i målet. For ham var det ikke hyggelig, men sporar bak mål og på haugen. Maket til jubel har det aldri vært på Bryne

## Ekstraomgangar og straffespark

Og Bryne vaks med oppgaven framfor 8000 tilskudrarar som utruleg nok greidde å pressa seg rundt banen. På ein blytung bane i ausande regnver viste Per Undheim & co. ingen respekt for langt meir meriterde spelalar. Arne Norheim scora etter 14 minuttar, Einar Bruno Larsen utlikna kort tid etter. I 2. omgang sørga Terje Hellerud for at Vålerenga tok leiinga, og dei fleste slo seg til tols med at Oslo-laget kom til å gå vidare. Men to minuttar før full tid var Arne Norheim frampå igjen og utlikna. Dermed vart det ekstraomgangar, og i den første av dei meinte dommaren at Einar Bruno Larsen vart hekta i feltet av Kjell Lura. Vålerenga scora på straffesparket, og dermed var cupeventyret slutt for Bryne.

Men sjølv om det ikkje var noko å seia på at Vålerenga vann, var det mange som meinte sigeren var ein gavepakke frå dommaren. Enkelte meinte dei hadde hørt Bruno Larsen seia i garderoben: «Det var jæ.... som jeg lurte dommeren.»

Dessutan annulerte dommar Trygve Dahlgren frå Porsgrunn ein Bryne-scoring for angrep på keeper. Det var i og for seg greitt, men det dommaren ikkje fekk med seg, var at ballen var over streken i trekket før.

Uansett leverte Bryne ein framifrå kamp, ikkje minst med tanke på dei vanskelege forholda. Vålerengas «Bamse» Hansen oppsummerte Bryne slik i Stavanger Aftenblad: «Ærlig talt hadde jeg

ikke ventet dem så gode. Ofte ser vi at det på lag i lavere divisjoner kan være noe keitet over spillerne. Men her var hver mann virkelig en god fotballspiller.»

Bryne hadde gjort to endringar frå Viking-kampen. Arvid Kydland var tilbake i mål, og Gaute Skrudland spelte i staden for Arvid Pettersen.

## To landslagsspelarar

Innsatsen i cupen medverka til at også Oslo-presa fekk augene opp for enkelte Bryne-spelarar. Det resulterte i at Bryne for første gong hadde to spelarar på landslag. Johannes Vold vart den tredje juniorlandslagsspelaren frå Bryne og imponeerte stort i ein TV-sendt landskamp mot Danmark der han scora hat-trick i ein kamp Norge vann 4-0. Etter kampen mot Vålerenga vart Per Undheim tatt ut på U-landslaget som møtte Sverige. Per la opp til Norges første mål i ein kamp Sverige til slutt vann 3-2.

## Utanlandsk motstand

2. juli spelte Bryne treningskamp mot det danske storlaget Aalborg på Bryne stadion. Dette var Brynes første kamp mot eit utanlandsk klubblag, og eit noko reservespekkja Bryne-lag hadde lite å stilla opp mot danskane og tapte 1-5.

## Meir trening

Cupen redda sesongen, men av årsmeldinga går det fram at styret hadde større ambisjonar i serien enn nivå 3.: «Vårt mål neste sesong må være mellomserien (2. divisjon), og kanskje enda ett hakk høyere i cupen. Mulighetene er der, men da må det også trenes. Vi vil da gjerne be spillerne gå enda litt ivrigere inn for treningen til sesongen som kommer.»

Kanskje ikkje så rart, for sjølv om nye treningsprinsipp var innført og laget vart tatt ut basert på treningsinnsats, kan årsmeldinga fortelja at bare ein gong gjennom heile sesongen var samlede spelarar til stades på trening!

Eit resultat av betre treningsdisiplin var eit sterkare B-lag. «En har hatt inntrykk av at publikum tidligere gikk på B-lagskamper for å få noe å le av, men nå spilles det ofte like god fotball her som det A-laget kan prestere», står i det årsrapporten.

Derimot ser ikkje treningsiveren ut til å ha smitta over på juniorlaget: «Neste år får man håpe at langt flere vil ta treningen alvorlig», oppsummerer oppmann Steinar Skjæveland. Småguttelaget gjorde det best av dei aldersbestemte laga med puljesieier i ei pulje Viking vart henvist til 2. plass. I sluttspelen vart imidlertid Ulf for sterke.

En alliansebank i eika.



procontra

# Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme.

Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er eit lag.

Plassert sju bra plasser på Jæren.



# Dame A

# Junior Elite



Foran fra venstre: Adrian Berntsen, Fredrik Vold, Edvard Khatrachjan, Torju Prestegård, Håkon Nese, Sasa Nedic, Sander Ueland Braut, Eirik Hadland.

Midtre rekke fra venstre: Trener Even Sel, Ingebreth Mossige, Markus Svela, Olav Kristiansen Aske, Sander Ystanes, Even Aasen, Ola Johannes Elvedahl og trener Aleksander Midtsian.

Bak fra venstre: Eirik Eskeland Log, Sigbjørn Bø, Magnus Retsius Grødem, Lars Djuve Båtsvik, Andreas Ueland, Einar T. Lye, Bjørn Haaland og Erling Braut Håland.



Bak fra venstre: Harald Wiig, Terje Nesse, Karen Arrestad Nesse, Ane Nesse Wiig, Thea Daltveit, Thea Johannessen Apneseth, Jenny Høie Holen, Erling Rage, Jone Horpestad

Foran fra venstre: Live Sel, Mathilde Gabrielsen, Mari Horpestad, Ida Elvedahl, Kristin Rage, Ane Siqveland Kalheim, Maren Hinnland Kjetland, Edda Sigurbjørnsdottir, Anna Djuve Jerstad

# HØIDAHL VIL BLI FØRSTEKEEPER!

**Etter to år borte fra Bryne, vendte Vigrestad-gutten, Jonas Høidahl tilbake til Bryne i sommer. Høidahl kom til Bryne FK som 15-åring i 2007. Foran høstsesongen 2013 forlot han oss til fordel for nye utfordringer i 2.divisjonsklubben Egersund IK. Høidahl spilte sin første kamp i 1.divisjon mot Bodø/Glimt i 2011. I årets sesong har han startet to kamper i OBOS-ligaen.**



Tekst: Even Sel  
Foto: Svenn Olav Sele

## Hvordan har utviklingen din vært etter at du forlot Bryne?

- Jeg vil si at den har vært bra. Jeg har fått spilt 1,5 år i EIK i 2.divisjon og gjort det bra der. I første sesongen min kjempet vi for å unngå nedrykk, noe vi til slutt klarte. I 2014-sesongen kjempet vi i toppen og endte til slutt på 2.plass. Det var en fin periode i EIK, hvor jeg hadde en fin utvikling.

I forkant av 2015-sesongen valgte jeg å melde overgang til Frøyland IL. Jeg stortrives den halve sesongen i Frøyland, der jeg fortsatte den gode utviklingen min. Både jeg og laget hadde en god vårsesong i 3.divisjon.

## Hva tenkte du da Bryne ville hente deg tilbake?

- Jeg tenkte at det var spennende og jeg fikk en

følelse av at Bryne ville satse på meg. Det var viktig for meg, da jeg føler meg klar for å stå fast i 1.divisjon.

## Du har i skrivende stund spilt to kamper i årets OBOS-liga. Hvordan var det?

- Det var veldig kjekt å få spille de to kampene. I den første kampen holdt jeg nullen og det var en fin opplevelse å spille foran hjemmepublikummet på Bryne stadion. Jeg var fornøyd med å holde nullen, men samtidig skuffet over at vi ikke vant. Kampen mot Nest-Sotra var ikke fullt så bra. Vi tapte 2-0, og

det var ikke en god prestasjon av laget.

## Hva er målet ditt fremover?

- Målet er først og fremst å stå fast fra neste sesong. Jeg skal trenere knallhardt i høst og være godt forberedt til neste sesong.

## Vi har nå tre keepere i A-stallen. Deg, Anders Kristiansen og Marius Halvorsen. Hvordan er samarbeidet mellom dere?

- Vi har et fint samarbeid. Vi er tre gode keepere som alle er ambisiøse og vil bli bedre. Vi pusher hverandre på trening og hjelper hverandre til å bli bedre.

Keepertrener Thomas Solberg er glad for at Høidahl er tilbake i Bryne.

- Jonas var veldig god når han kom tilbake. Han har fått en fin erfaring i 2.divisjon og blitt en tryggere keeper i kamp. Jonas er flink til å kommunisere med forsvaret og er trygg og god i feltet. Han har også utviklet pasningsfoten sin. Han er en keeper som vi forventer oss mye av fremover, sier Solberg.

# Trykt og godt

Design • Trykk • Kopiering • Reklameartikler

T: 952 99 844 • Besøk oss på [www.jprint.no](http://www.jprint.no)

JÆRPRINT  
TRYKKERI & DESIGN

Kvalitet til  
konkurranse-  
dyktige priser!



ØSTER  
HUS  
GRUPPEN

Klepp<sup>TM</sup>  
**Hus**

ENSIGN

\*+2,5% avgift til staten (av tomtverdiene).

**HUGO OG LEIF JOBBER LIKE HARDT  
FOR BÅDE KLEPPHUS OG KLEPP IL!**

## APELOEN BYGG A, KLEPP

**LEILIGHETER FRA 72-153 kvm.  
FAST PRIS FRA KR 2.990.000,-\***  
**3 SOLgte DEN SISTE UKEN!**

I Apeloen har du alt du trenger for en behagelig og enkel hverdag. Det ligger midt i Klepp sentrum, har gjennomgående god kvalitet, parkering i lukket anlegg og heis. Dette er prosjektets siste byggetrinn som vil være klar for innflytting i desember.

**Visning etter avtale.**



Ta kontakt med megler for mer info:  
**Rune Ree, 913 59 593 | rune.ree@dnbeiendom.no**  
**Hanna Kverneland, 952 96 651 | hanna.kverneland@dnbeiendom.no**

Vi i DNB Eiendom kan også formidle kontakt med DNB Bank i forhold til finansieringsmuligheter. *DNB Eiendom i 9. etg, Høyhuset.*

**klepphus.no**

Sjekk også ut [østerhusgruppen.no](http://østerhusgruppen.no)  
- distrikts bestes utvalg i nye boliger!



# Drømmedag

## FOR HADLAND OG YSTANES

I forbindelse med landskampen mellom Norge og Kroatia 6. september fikk 32 ungdommer fra 15 ulike klubber i Rogaland oppleve en innholdsrik dag på Ullevaal Stadion.

Tekst: Even Sel

Hver klubb kunne i forkant nominere inn to spillere i alderen 17-19 år som utmerket seg i egen klubb med gode holdninger. Bryne FK nominerte junior-spillerne Eirik Hadland og Sander Ystanes og disse to ble sammen med 30 andre spillere plukket ut til drømmedagen.

De 32 spillerne ble behandlet som VIP-gjester da Rogaland Fotballkrets, Norges Fotballforbund og samarbeidspartner OBOS inviterte til «OBOS Drømmedag på Ullevaal».

«OBOS Drømmedag på Ullevaal» er et nytt konsept utviklet for å knytte sterkere bånd mellom Ullevaal stadion, landslaget og fotballungdom over det ganske land. Muligheten har åpnet seg gjennom partneravtalen mellom NFF og OBOS. På rundgang skal fotballkretsene invitere med seg ungdommer til drømmedagen.

Ungdommene viste å sette stor pris på statusen som «fotball-VIP» og representerte klubb og fylke på eksemplarisk vis.

Det var ikke småtteri som ventet gjengen fra

RFK-klubbene. Alle deltagere møtte opp kl. 0845 på Stavanger Lufthavn. Derfra var reisen planlagt og tilrettelagt på ypperste vis. Bussen som ble benyttet av Kroatia hentet deltakerne på Gardermoen, deretter fulgte mottakelse ved hovedinngangen til NFF på Ullevaal, omvisning rundt i hele nasjonalanlegget inkludert prøvesitting av både innbytterbenker og kongetribunen, ZIP-line over stadionmatta, middag i egen losje, foredrag av blant andre landslagets Ingvild Isaksen og fotballprofil Vidar Riseth og selvfølgelig den viktige kampen med Norge og skuddfintene til Jo Inge Berget i hovedrollen, bivånet fra VIP-setene på tribunen.



# TANES

Hadland og Ystanes storkoste seg på Ullevaal stadion.

- Denne dagen var veldig kjekk, vi fikk en opplevelse for livet, med både en bra kamp og omvisning på hele stadion. Vi syntes at det var et kjempebra opplegg, der lederne hadde forberedt seg godt og alt gikk på skinner... Vi sittet igjen med en perfekt fotballdag på Ullevaal stadion, med en knallbra kamp og en veldig god opplevelse, sier Hadland og Ystanes.



Sander Ystanes



*Denne dagen var veldig kjekk, vi fikk en opplevelse for livet, med både en bra kamp og omvisning på hele stadion.*



Eirik Hadland

# Tilbakeblikk

**Jeg har nå vært daglig leder i Bryne FK i drøye ni måneder. Det har vært en krevende tid. Jeg visste hva jeg gikk til, og at det ville bli nødvendig med en omfattende gjennomgang av ressursbruk, rutiner og kultur. I tillegg skulle vi ruste oss best mulig for en ny sesong i OBOS-ligaen som det nå heter.**

Det første vi måtte gjøre tidlig på året var å sette alle bremsene på i forhold til underskuddet vi dro med oss fra 2014. Dette medførte blant annet at vi ikke kunne forsterke a-laget (hovedproduktet) slik som trenerstaben ønsket. Vi hentet inn en klar forsterkning i Bjørnar Holmvik, men det var også det trenerne fikk lov til.

Videre brukte vi store deler av våren til å vurdere og gjennomføre kostnadskutt, noe som også medførte oppsigelser av ansatte. Dette har selvsagt preget klubben. Samtidig vil jeg rose de ansatte for en enorm stå-på vilje og for at vi har klart å

holde humøret opp gjennom tøffe perioder. Det er mange fantastiske mennesker som jobber for og bidrar i Bryne FK. Dette gjelder både ansatte og frivillige.

